



Røldal, 25.08.2023

## REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.5/23 i 4H Hordaland

<b>Dato:</b>	<b>25.august 2023</b>
<b>Klokka:</b>	<b>18.00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Molvik 4H-gard</b>

### **Desse møtte til styremøte:**

*Fylkesstyret med vara: Sofie Ljones, Janniche Næss Bergås, Agnete Flatnes  
Skarveland, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme*

*Tilsette: Turid Sanstad Herland og Leif-Helge Molvik*

### **Innkallinga er sendt til desse for orientering:**

*Kontrollnemnda: Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald*

<b>SAK 80/23</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
SAK 80/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
SAK 81/23	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 82/23	Orienteringssaker
SAK 83/23	Økonomioppdatering
SAK 84/23	Juniorsprell 2024
SAK 85/23	Senior- og alumnsprell
SAK 86/23	Instruktørkurs 23/24
SAK 87/23	Årsmelding 2023
SAK 88/23	Generaldebatt 4H Hordaland sitt årsmøte
SAK 89/23	Godkjenning av kontrakt for utlån av Soundbox

SAK 90/23	Markering av friluftslivets veke i sosiale medium
SAK 91/23	Førebuing landsstyremøte 23.-25.september
SAK 92/23	Godkjenning av forslag til budsjett for landsleir 2024
SAK 93/23	Ymse
SAK 94/23	Saker til neste styremøte

**Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent med korrigerings av namn i kontrollnemnda.**

### **SAK 81/23 Godkjenning av referat frå sist styremøte**

*Vedlegg: Referat fylkesstyremøte 4\_23*

**Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte 11.juni blir godkjend.**

### **SAK 82/23 Orienteringssaker**

<b>Tiltak</b>	<b>Orientering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Distriktsleir	<p>Desse klubbane arrangerte distriktsleir i år:</p> <p>Nordhordaland: Fjordglimt 4H Voss, Ulvik og Granvin: Dyktig 4H Sunnhordland: Spretten 4H Hardanger: Grashoppa 4H, Solgull 4H og Fram 4H.</p> <p>Det har vore positive tilbakemeldingar etter alle distriktsleirane. Etter fleire år med nedgang i påmeldte, ser vi også no ein gledeleg oppsving i medlemmar som reiser på distriktsleir.</p>	Heile styret

Fylkesleir	Det var 44 påmeldte til fylkesleiren på Spurkeland Vikingard. Trass i få påmeldte klarte arrangørklubben å lage ein god og minnerik leir for dei som deltok. Ein stor takk til Samhald II som arrangerte leiren.	Samhald II, heile styret
Nordisk leir 2023	56 4H-arar frå 4H Hordaland reiste på nordisk leir i Lom i år. Silje Lilleås var hovudleiar og hadde med seg leiarane Ingrid Otnes, Marius I. Opedal, Nicolaj Disselhorst og Hjalmar Ølvestveit. Representantar frå hovudkomitéen til landsleir 2024 var til stades under leiren for gode tips, synleggjering og inspirasjon. 4H Oppland arrangerte leiren.	Heile styret
Juniorprell på Tysnes	1.-3. september arrangerer 4H Hordaland juniorprell på Tysnes. Det er pr dags dato 12 påmeldte. <b>Det er 17 påmeldte på møtetidspunktet.</b>	Jakob-Johan og Marius
Storkurs	Lauvsprett 4H inviterer til storkurs i Rosendal 29. september til 1.oktober.	Lauvsprett 4H
Sommarpatruljen	8.-15.juli reiste Sofie Ljones, Trude Ljones, Sivert Gåsemyr og Jonas Hodneland Sundfjord gjennom Vestland	Sofie og Leif-Helge

	<p>fylkeskommune for å verve nye medlemmar. Dei snakka med totalt 1600 personar og delte ut over 600 vervepakkar. Leif-Helge har bistått i rapporteringsarbeidet til fylkeskommunen.</p>	
Plakettfest	<p>Guro Gjernes Nedrevåg har teke ansvaret for å planleggje plakettfesten 4.november.</p>	Guro Gjernes Nedrevåg
Fylkesstyresamling Vest	<p>Fylkesstyreopplæring vest blir arrangert 8.-10.september 2023.</p>	Synnøve
H.A.N.S.A. oppdatering	<p>Sindre orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A. <b>Ingen rapport frå alumklubben H.A.N.S.A.</b></p>	Sindre
Molvik 4H-gard	<p>Leif-Helge orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik <b>Leif-Helge rapporterar at 4H-garden har det strålande, dei får besøk frå blant anna skuleklassar og andre grupper. Relativt fullbooka utover hausten.</b></p>	Leif-Helge
Prosjekt lærerike opplevingar	<p>Leif-Helge orienterer om arbeidet med prosjekt lærerike opplevingar <b>Mange klubbar har enda ikkje prøvd tilbodet, berre omtrent halvparten. Leif-Helge har sendt ny mail for å minne om tilbodet. Det blir føreslått å vurderer om klubbar som</b></p>	Leif-Helge

	<b>allereie har hatt aktivitet kan få ein til for å få brukt opp prosjektmidlane, eventuelt bruke lærerike opplevingar som aktivitet på storkurs.</b>	
Jubileumshaustfestar	Har alle teke kontakt med sine klubbar om dato? <b>Alle høyrer med klubbane om dato, så me eventuelt kan fordela desse ved behov på fylkesstyreopplæring vest.</b>	Heile styret
Distriktsmøter	Alle informerer om det viktigaste som kom fram på dei ulike distriktsmøta som har vorte haldne. <b>Voss, Ulvik og Granvin: sliter med å få med medlem på møte, store alderssprang. Sunnhordland: ynskjer alle klubbrågdjevarar skal få tilgong til fylkesstyret sine innkallingar og referat. Nordhordland og Hardanger: Har ikkje behov for klubbkontakt slik det er nå.</b>	Heile styret
USA-utveksling	4H Hordaland sendte Lars Olavson Klette frå Raggsockjen 4H til USA på utveksling i år.	Heile styret
Landsleir 2024	Under nordisk leir i Lom vart det solgt 50 billetter til landsleir 2024. Alle som kjøpte fekk kvart sitt strykemerke til å ha på leirbuksa si.	Heile styret

	<b>Landsleirgenserens sitt mønster kan lastes ned på ull.no, og oppdrag om strikking av genseren skal legges inn i oppdragsbanken.</b>	
--	--	--

#### **SAK 83/23 Økonomioppdatering**

Janniche orienterar om økonomioppdateringa. Grunna lite deltakarar på arrangement er me under budsjett med over 250 000 kr på deltakarinntekter. Utgiftene ser ok ut, men me er under budsjett på inntekter. Me er 500k i pluss til nå, men det er budsjettert at me går i underskot mot slutten av året.

**Vedtak: Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.**

#### **SAK 84/23 Juniorsprell 2024**

På førre styremøte vart det bestemt at 4H Hordaland skal arrangere juniorsprell på Voss 26.-28.januar. Me treng no ei arbeidsgruppe som kan planleggje og hjelpe til med gjennomføring av dette arrangementet.

**Vedtak: Synne og Steffen finn ei arbeidsgruppe som kan planleggje arrangementet innan 17. september.**

#### **SAK 85/23 Senior- og alumnsprell**

Vilde og Sofie har forsøkt å finne personar som kan ta ansvaret å arrangere senior- og alumnsprell 24. september. Per no har ingen sagt ja, men Vilde og Sofie vil fram til fylkesstyremøtet forsøke å finne personar som kan arrangere det.

**Vedtak: H.A.N.S.A. har eit arrangement 2 veker før planlagt senior- og alumnsprell, så me vel å avlyse dette då det er mykje anna 4H aktivitet til hausten. Me høyrer med H.A.N.S.A. om dei kan opne arrangementet for seniorar**

#### **SAK 86/23 Instruktørkurs 23/24**

Kvart år blir det utdanna nye instruktørar i styreverv og friluftsliv. Del 1 plar å vera tidleg i november. Fylkesstyret må forsøke å finne deltakarar til instruktørkurset i år. For å delta på kurset er det krav om at ein skal vera instruktør under opplæring saman med ein erfaren instruktør på styreversopplæringa i februar.

**Vedtak: Synne, Marius og Agnete har ansvar for å høyra om det er nokon som kan tenka seg å delta på instruktørkurset.**

#### **SAK 87/23 Årsmelding 2023**

*Vedlegg: Fordeling av årsmelding 2023*

For å ha god tid framover mot årsmøtet skal me allereie no byrje å arbeide med årsmøtepapira. Vedlagt ligg forslag til fordeling av årsmelding 2023. Det er som alltid lov å spørje kvarandre om hjelp om det er noko ein er usikker på.

**Vedtak: Alle i styret har ansvar for å skriva eit utkast til sin del til årsmeldinga og sende den til Agnete innan neste fylkesstyremøte. Agnete har ansvar for å setja i saman årsmeldinga.**

#### **SAK 88/23 Generaldebatt 4H Hordaland sitt årsmøte**

Annakvart år vert det lagt inn tid til ein generaldebatt på fylkesårsmøtet til 4H Hordaland. Tema kan omhandle satningsområder, eller innspel til kva fylket bør gjere meir ellr mindre av og eventuelt bli betre på. Det er viktig at temaet for generaldebatten er interessant og passande for deltakarane på årsmøtet.

Fylkesstyret må no begynne å tenke på kva tema for generaldebatten kan vere i 2024.

**Vedtak: Alle i styret skriv ned dei forslaga til har til tema for generaldebatten innan neste fylkesstyremøte. Det endelege temaet vert bestemt ved eit seinare høve.**

#### **SAK 89/23 Godkjenning av kontrakt for utlån av Soundbox**

*Vedlegg: Vert lagt inn i Teams snart.*

Janniche har laga forslag til ein kontrakt mellom 4H Hordaland, klubbar og andre som ynskjer å låne fylket sin Soundbox.

**Vedtak: Fylkesstyret godkjenner «Kontrakt for utlån av Soundbox».**

#### **SAK 90/23 Markering av friluftslivets veke i sosiale medium**

2.-10.september 2023 finn «Friluftslivets veke» stad. Me må avgjere om me ynskjer å markere denne på eit vis i sosiale medium.

**Vedtak: Synleggjeringsgruppa lagar ein plan for markering av friluftslivets veke i våre kanalar på sosiale medium.**

#### **SAK 91/23 Førebuing landsstyremøte 23.-25.september**

22.-24.september reiser Sofie til Lillestrøm for å delta på landsstyremøte. Sakspapira er endå ikke kome. Det vert føreslått at styret saman går gjennom desse på eit digitalt Teams-møte når dei har kome. Sofie kjem med forslag til dato når det nærmar seg.



**Vedtak: Sofie deltek på landsstyremøtet for 4H Hordaland. Sakspapira blir gjennomgått på teams i forkant, slik at alle har teke del i avgjerslene som blir gjort på landsstyremøtet.**

#### **SAK 92/23 Godkjenning av forslag til budsjett for landsleir 2024**

**Vedlegg:** *Ventar endå på budsjettet frå hovudkomitéen.*

Jamfør avtalen mellom 4H Hordaland og 4H Noreg skal sentralstyret få framvist forslag til budsjett for landsleiren på sitt møte i september 2023. Fylkesstyret må i forkant godkjenne hovudkomitéen sitt forslag til budsjett. Hovudkomitéen har per dags dato ikkje ferdigstilt budsjettet, men er klar over når fylkesstyret skal ha fylkesstyremøte. Dei sender budsjettet så fort det er klart.

**Vedtak: Fylkesstyret tek hovudkomitéen sitt forslag til budsjett til orientering. Hovudkomiteen sender inn endeleg budsjett til fylkesstyret innen 24. september. Fylkesstyret godkjenner endeleg budsjett på teams.**

#### **SAK 93/23 Ymse**

**SAK 93.1** Nedlegging av 4H klubb: Rommetveit 4H blir lagt ned.

**SAK 93.2** Neste styremøte: Dato: 3. november

**SAK 93.3** Fylkesstyreopplæring vest: Ønsker å sette av tid på søndagen på fylkesstyreopplæring vest til å jobbe med fremtidige årsplanar osv.

**SAK 93.4** Frivillighets konferansen: Leif-Helge og Turid påmeldt, andre som kan oppfordrast til å melde seg på

**SAK 93.5** Informasjon om Leirbusker: Det har blitt etterspurt informasjon om leirbukser, det skal bli laga informasjonsvideo til SoMe

#### **SAK 94/23 Saker til neste styremøte**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte

- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte